

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 05.05.2020

Stad : Digitalt møte via Zoom

Tid : 19.00

Opning : May Lisbeth «Fylt av glede, over livets under» *(Svein Ellingsen)

Desse deltok på digitalt møte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Therese Utgård og Bjørg Djupvik Grebstad.

Varamedl.: Morten Hjellegjerde og Tor P. Mørkeseth.

I tillegg møtte: sokneprest Simen N. Myklebust.

Forfall : Linn K Tårnes

Monica Breivik Orre meldte forfall.

Sak 10/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 11/20 Godkjenning av referat fra møte i Sykkylven sokneråd 01.04.20

Referat fra møte den 01.04.2020 vart godkjent.

Sak 12/20 Korleis kan vi være kyrkje i denne særskilde situasjonen?

Sokneprest Simen informerte: Det har kome «Smittevernveileder for Gudstenester» der det blir opna for inntil 50 personer. Staben jobber utifrå at vi ikkje opner opp for Gudsteneste med det første. Tidligast kanskje 24.mai. Planlagt nettgudsteneste er 10.05. Drive In Gudsteneste blir 17.05.


- Soknerådet ser behovet for å kunne samlast med heile familien i gravferd og ber om at ein hugser på dette når ein set eit max antal.
- Soknerådet ber om at det blir vurdert å auke antalet i gravferder til 50 då dette er ei særstilling i høve til dei andre kyrkjelege handlingane.
- Soknerådet ber om at dei digitale erfaringane og nyerverva kompetanse vert brukt vidare i kyrkjeleg arbeid, også når livet normaliserar seg etter korona.
- Det vert søkt om midlar frå BD for digitalt kyrkjeleg formidling.

Sak 13/20 Fullmakt frå SR til fastesetting av konfirmasjonsdatoar haust 2020

Vedtak: Sykkylven sokneråd gir soknepresten fullmakt til å fastsette dato for konfirmasjonane.

Sak 14/20 Kyrkjemesse 2020

SR vurderte ulike alternative tidspunkt for kyrkjemesse utifrå den usikre korona situasjonen. For ikkje å kollidere med julemesser nærare jul, ber soknerådet om at kyrkjemesse blir planlagt til siste helga i september som vanleg. Bjørg Djupvik Grebstad kaller inn Tove Skauvik og Theres Utgård til å arbeide med programmet.



Sykkylven sokneråd

Sak 15/20 Kyrkje-TV. Søknad til digitale prosjekt

Sykkylven kyrkje har motteke gâve frå Sykkylven Rotaryklubb på kr. 10 000,- og Fjellseterlaget på kr. 20 000,- Soknerådet ber om at Simen søker Møre Bispedøme og eventuelt andre om støtte.

Det er viktig at vi tek med oss lærdomen ved bruk av digitale media. På neste soknerådsmøte har vi kanskje fått ein peikepinn kor mykje vi kan få i støtte og kan då føreslå kor mykje vi vil bruke på utstyr som opptak av bilde og lyd.

Sak 16/20 Vedtak avstemming / referat

Soknerådet vedtok at møtereferatet blir sendt rundt til medlemmane i soknerådet (som deltok på den digitale samlinga) for godkjenning. Vi vil også jobbe med forslag til vedtak og tydelegare vedtak vidare.

Soknerådet vil rose og takke sokneprestane, kyrkjeverjen og dei tilsette samt alle frivillige som har utført eit fantastisk arbeid i denne vanskelige tida kyrkja i Sykkylven har vore i. Spesielt vil vi nevne den tilpassing og kreativitet dokke har utført ved bruk av digitale medier og informasjon gjennom media. Overføring av gudstenester og søndagsskule. I tillegg den interne informasjonen og kommunikasjonen soknerådet har fått tilsendt av kyrkjeverjen og deltatt i. Hjarteleg takk.

Referatsaker :

- Gåve frå Fjellseterlaget kr 20.000
- Ny trusopplæringsplan sendt til godkjenning til bispekontoret, med SR sine innspel.

Neste planlagte møte Sykkylven sokneråd : 02.06.2020